



Notat

Dato: 06.02.2019
Arkivsak: 2014/11640-167
Saksbehandlar: tortittl

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Kystpilegrimsleia. Rapportering prosjektfase 1. Vidare arbeid

Prosjektet Kystpilegrimsleia (2013-2018)

Kystpilegrimsleia er eit verdiskapingsprosjekt. Bak prosjektet står 4 bispedømme og 5 fylkeskommunar: Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Trøndelag. Prosjektet er finansiert av fylkeskommunane og Riksantikvaren. Kyrkja bidreg med kompetanse, kyrkjelege bygningar, menneskelege ressursar og tenester (pilegrimsliturgi).

I juni 2018 vart opninga av Kystpilegrimsleia markert gjennom ein seglas langs heile strekninga frå Eigersund til Trondheim, i kombinasjon med markeringar på land i kvart fylke. I Hordaland var det opningsmarkeringar på Moster 5. juni, på Halsnøy Kloster 6. juni, i Strusshamn på Askøy 8. juni og i Bergen 9. juni i samarbeid med Torgdagen.

I månadsskiftet januar/februar i år vart sluttrapportering og dokumentasjon sendt inn til Riksantikvaren. Prosjektet hadde då gått føre seg i nokre år, først som eit forprosjekt frå 2013, og frå 2014 som eit hovudprosjekt.

Kystleia – landets viktigaste pilegrimsveg

Den viktigaste historiske pilegrimsferdsle i Norden hadde St. Olav og Nidaros som valfartsstad.

Det gjekk fleire vegar mot Nidaros. Ein av dei viktigaste og kanskje mest brukte ferdselsvegane til Olav den heilage sitt skrin var langs kysten – Kystpilegrimsleia. Dette var landet si hovudfartsåre. Med eit godt beskytta farvatn ligg kysten godt til rette for sjøfart. Pilegrimsreisene til Olav den heilage si grav begynte kort etter 1030, og Olavskulten si raske utbreiing i Nord-Europa førte mange pilegrimar frå inn og utland til Nidaros.

Ein annan tradisjon er St. Sunniva. Eit av dei viktigaste og kanskje mest kjente pilegrimsmåla langs kystleia var øya Selja ved Stad som ligg midt i seglingsleia mellom Trondheim og Bergen. Legenda om den irske prinsessa Sunniva som stranda på øya Selja etter å ha lagt ut på havet i båt utan årar og segl for å komme unna ein heidensk friar er godt kjent i Vestlandet si kultur- og kyrkjehistorie. Sunniva vart skrinlagt i 996, etter ordre frå Olav Tryggvasson, og ho fekk etter kvart helgenstatus.

Det var raskare å ferdast i båt enn på land. Ver og vind avgjorde kva lei en valde, og Kystpilegrimsleia er historisk ikkje ei lei, men eit system av leiar under felles nemning.

Prosjektide

Prosjektet Kystpilegrimsleia er tufta på den historiske pilegrimsferdsle langs vestlandskysten.

Kystpilegrimsleia har som mål å skape ei samanhengande reiserute langs kysten som ein del av ei St. Olavslei og ein europeisk kulturveg. Kystpilegrimsleia skal fremje kunnskap om historie og kulturminne, miljøforståing, fysisk aktivitet, folkehelse og legge til rette for bruk og vern av kulturarven vår.

Tanken er å skape eit nettverk og reiselivsprodukt for moderne pilegrimar, basert på den gamle hovudfartsåra for pilegrimar til Nidaros. Kystpilegrimsleia skal vere en brubbyggjar mellom dei mange lokalsamfunna langs kysten. Dette er eit prosjekt som har lokalbefolkninga, frivillige lag og organisasjonar, samt lokale næringsdrivande innan overnatting, mat, transport og attraksjonar som sine viktigaste medspelarar.

Kystpilegrimsleia – del av den nasjonale pilegrimssatsinga

Kystpilegrimsleia har frå starten av hatt som målsetjing å søke om godkjenning som nasjonal pilegrimslei under Nasjonalt Pilegrimssenter (NPS)/Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider (NDR).

I styremøtet 6. desember 2017 fattet styret for NDR følgjende vedtak:

Styret godkjenner den nye pilegrimsleden «Kystpilegrimsleia» fra Egersund til Trondheim som offisiell pilegrimsled. Det forutsettes at organisering og finansiering av framtidig drift av «Kystpilegrimsleia» utarbeides i tett samarbeid med Nasjonalt Pilegrimssenter, inntil langtidsplan for pilegrimssatsningen er vedtatt.

Godkjenninga av Kystpilegrimsleia markerer på mange måtar eit tideverv:

Ved å løfte kystdimensjonen i den nasjonale pilegrimssatsinga, vil ein kunne styrke alle pilegrimsmiljø i Noreg - både kulturminne undervegs og hovudmålet Nidaros. Ved no å inkludere kysten I eit europeisk perspektiv, vil St. Olavsvegane til Trondheim verte gjeve ein tilleggsdimensjon i unike og stadspesifikke opplevingar som peiker ut over det nasjonale og bind saman med det mellomeuropeiske andsliv og kultur.

Sluttrapport

Prosjektleiinga var frå 2016 ei kjøpt teneste frå FjordNorge/NCE Tourism. Vi legg ved sluttrapporten på Kystpilegrimsleia fase 1 dei har utarbeidd og som er sendt Riksantikvaren.

Nettsidene om Kystpilegrimsleia under Nasjonalt Pilegrimssenter, pilegrimsleden.no, har vorte oppdatert. Vi rår dykk til å gå inn på tursforslag/ettappeturar, t.d. på <https://pilegrimsleden.no/no/suggestions/bergen-selje1>

Kystpilegrimsleia over i ein ny fase

Riksantikvaren er oppteken av å føre Kystpilegrimsleia over i ein ny fase, frå organisering som prosjekt til permant organisering under Nasjonalt Pilegrimssenter i Nidaros. Riksantikvaren har gjeve tilsegn om kr 500.000 til dette arbeidet, og saman med regionale løyvingar på kr 100.000 frå kvar av fylkeskommunane, har vi ei finansiering på kr 1.000.000 totalt. I Hordaland vart saka handsama i fylkestinget i PS 92/2018.

På vegne av dei fem fylkeskommunane har Hordaland fylkeskommune inngått avtale om prosjektleiing ved Nasjonalt Pilegrimssenter. Avtala går heile 2019.

Prosjektet vert leia av ei styringsgruppe med ein politisk representant frå kvart fylke og ein representant frå bispedømme. Frå Hordaland sit Beate Husa i styringsgruppa med May Eva Sandvik som vararepresentant.